

## Saksprotokoll i 11.03.2020 - hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Saka vert satt på sakskartet utan saksførelegg.

**Gunhild Berge Stang (V)** sette på vegner av Ap, Sp, SV, MDG og V fram slikt forslag:

«Hovudutvalet for næring, naturressursar og innovasjon ser alvorleg på kva konsekvensar koronapandemien har for næringslivet i regionen vår. Ikkje minst er vi sterkt uroa over korleis dette råkar små og mellomstore bedrifter i distrikta og lokalsamfunna våre. Vi ber administrasjonen følgje situasjonen tett, kartlegge korleis Vestland fylke kan bidra til å avhjelpe situasjonen, og oppfordrar fylkesrådmann/fylkesordførar om å legge fram ei sak om dette for neste fylkesutvalsmøte.»

### **Avrøysting**

Berge Stang sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Hovudutvalet for næring, naturressursar og innovasjon ser alvorleg på kva konsekvensar koronapandemien har for næringslivet i regionen vår. Ikkje minst er vi sterkt uroa over korleis dette råkar små og mellomstore bedrifter i distrikta og lokalsamfunna våre. Vi ber administrasjonen følgje situasjonen tett, kartlegge korleis Vestland fylke kan bidra til å avhjelpe situasjonen, og oppfordrar fylkesrådmann/fylkesordførar om å legge fram ei sak om dette for neste fylkesutvalsmøte.